



Ronny Lakselv får kanskje konkurantar til prøvesendingar frå kommunestyremøta. (Foto: Geir Remme, innsida.no)

**Alle i formannskapet vil at det skal bli TV-sendingar på prøve frå kommunestyremøta og alle er innstilt på at kommunen må betala noko for det. Det er hovudkonklusjonen frå behandlinga av søknaden frå TV Sydvest (uskedelingen Ronny Lakselv) i formannskapet torsdag. Men eit fleirtal på fem ville at det skal skje ei utlysing først.**

Dei ville av prinsipielle grunnar at kommunen skal lysa etter fleire aktørar som kan gjera jobben før ein eventuelt inngår avtale med TV Sydvest.

Rådmannen si innstilling fekk ikkje støtte av nokon. Han sa ja til prøvesendingar, men ville ikkje at kommunen skulle betala noko.